



Nye Voss 2020

Notat/ status til prosjekteigar frå administrativ arbeidsgruppe 21.05.18

Namn arbeidsgruppe: Økonomi

- Deltakarar: Økonomiforum

Undergrupper:

- Økonomi (Budsjett, rekneskapssystem, kontoplan, rutinar, reglement og internkontroll)
 - Deltakarar: Eilev Aalvik, Arne Nedkvitne, Kjersti Aasbrein, Ksenia Perervus, Ole Petter Revheim, Ingvild Engen Bogetvedt
 - Antal møter: 1
- Innkjøp
 - Ikkje starta opp enno
- Fakturering, skatt, eigedomskatt og innkreving
 - Deltakarar: Arne Nedkvitne, Solveig Reinsli, Ksenia Perervus, Svanhild Danielsen, Miroslava M Basara, Britt Haga
 - Antal møter: 2

Medverknad frå andre ressurspersonar:

Arvid T Sandnes vert med frå tillitsvalde.

Mål/ visjon for arbeidet:

Økonomi:

- Budsjett og rekneskapssystem med ny kontoplan må vera på plass våren 2019.
- Økonomiplan for 2020-2024 skal vedtakast våren 2019
- Nye økonomi og finansreglement skal vedtakast hausten 2019
- Samordna alle innkjøpsavtalar på plass innan 01.01.2020

Fakturering, innfordring og skatt:

- Identifisera områder innan skatt og kommunale krav der ein kan oppnå økonomiske vinstar og handlingsrom som følgje av kommunesamanslåing.
- Skatteinnkreving i kommunen følgjer statens sine retningslinje

Status for arbeidsgruppa:

Økonomi:

Starta opp arbeidet med felles base i Visma. Deler av gruppa ha vore på fagdag hos Visma. Det er mottatt sjekklister over kva som må gjerast i samband med overgangen. Viktig punkt er om Organisasjonsnummer for Voss kommune kan nyttast i den nye kommunen. Gjer vi det så slepp vi å byggja opp ein helt ny base i Visma, og alle selskapa (i rekneskap) må setjast opp på nytt.

Gruppa vil starta opp arbeidet med å revidera økonomi reglementet. Nytt finansreglement er utarbeidd.

Fakturering, innfordring og skatt:

Arbeidsgruppa har starta arbeidet med SWOT analysen. Denne skal fange opp styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar angående økonomi, innkjøp, fakturering, skatt, eigedomsskatt og innkreving ved kommunesamanslåinga. Nokon av styrkane identifisert her gjeld bruk av same hovudøkonomisystem, samkøyrd skatteinnkrevjingssystem og same selskap for startlån. Samstundes vert det identifisert viktige forskjellar mellom kommunane, kor disse kan sjås på som svakheiter. Voss og Granvin har i dag forskjellar i rutinar, både når det kjem til bruk av forsystem, forfallsdato på faktura, tal terminar kommunale avgifter og utføring av andre praktiske oppgåve.

Fastsetjing av forfallsdatoar vert diskutert, og det vert vurdert om ein skal gå for to forskjellige forfallsdatoar: ein for kommunale avgifter og ein for andre faktura.

Gruppa er innstilt med at forfall for andre faktura skal vera 20. kvar måned, og purring etter 14 dagar.

Arbeidet med SWOT-analysen, fastsetting av forfallsdatoar og løysing av identifiserte svakheiter fortsett ved neste møte.

Behov for støtte/ hjelp:

Økonomi:

Vi skal ha møte med Visma i juni for å avklara kva støtte vi treng.

Fakturering, innfordring og skatt:

Avtaleoverføring for kundar med avtalegiro/e-faktura ved overgang til nytt bank. Korleis gjer ein dette? Er det banken som utførar jobben eller er det Visma? Mira sjekkar med SR-bank om dei har noko erfaring rundt dette.

Vassmål- fleire som kan ta ansvar for dette i nye Voss. Forslag: NAV arbeidstrening? Noko teknisk gruppa må få melding om.



Nye Voss 2020

Leige av konsulent teneste for overføring av kundeporteføljen, samt avtaleoverføring for kundar med avtalegiro/ E-faktura ved overgang til ny kommune. Sende pris forespørsel til Visma og Komtek i første kvartal 2019.

- **Avklaring:** Om organisasjonsnummeret til Voss kommunekan vidareførast.

Vedlegg:

Oppdatert tidsplan for arbeidsgruppa

Arbeidsark – Oversikt avtalar, vedtekter, reglar og rutinar

Referat frå møtene som har vore i arbeidsgruppa.